

**Fra:** Einar Aase  
**Sendt:** onsdag 6. april 2022 14:12  
**Til:** beathe@rbll.no  
**Emne:** Byggesak 22/822

Hei,

Viser til byggesak 22/822, gbnr. 203/20.

Ser at det er søkt dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag, der det er vist til pbl. §1-8 og føresegns 2.6.1 i kommunedelplan for Lindås. Byggegrensa går her 20 meter frå vassdrag, og denne dispensasjonen er ikkje naudsynt. Tiltak krev derimot dispensasjon frå arealføremål LNF spreidd bustad, ettersom det går ut over det som er opna for i føresegns 3.4.7. Dette er ettersom det er opplyst at tiltak går ut over 50 m<sup>2</sup> BRA. Sjå nærmare om dette i føresegns 3.4.7 i kommunedelplan, som viser til at følgjande kan tillatast i samsvar med arealføremål:

- **Tiltak etter pbl § 20-1 bokstav b, c, e, f, h, i, j**
- **Tilbygg og påbygg med samla bruksareal (BRA) inntil 50 m<sup>2</sup>**
- **Tiltak som inngår i pbl §§ 20-4 a, b, c, e og 20-5**

Søknad må supplerast med ei presisering om at det er arealføremålet det søkjast dispensasjon frå, og gjerne ei kort grunngjeving for dispensasjonssøknaden. Denne vil bli sendt på uttale så snart korrigert dispensasjon kjem inn.

Vennleg helsing

**Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak**

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

